

## Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Emil Gadolin (A) sette på vegner av A, Sp, SV, KrF og MDG fram slikt forslag:

«Tillegg:

Regler for fondsavsetting og resultatoverføring for regnskapsåret 2021 og framover, skal vere ein del av arbeidet med ny budsjettmodell for dei vidaregåande skule i Vestland fylkeskommune.»

### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet godkjenner at ordning med fondsavsetjing/resultatoverføring for vidaregåande skular og tannhelsedistrikt vert lagt til grunn ved avslutting av rekneskapen for Vestland fylkeskommune.

Fylkesutvalet godkjenner slike føresetnader/grenser for ordninga:

- sektoren må samla ha positivt budsjettavvik.
- kvar vidaregåande skule/kvart tannhelsedistrikt kan ha samla fond på inntil 5% av nettobudsjettet (eiga grense for små skular).
- negative budsjettavvik må dekkast inn i budsjettet for skulen/tannhelsedistriktet to år etter av avviket oppstod.
- positive budsjettavvik utover grensene ovanfor vert ikkje sette av.

Regler for fondsavsetting og resultatoverføring for regnskapsåret 2021 og framover, skal vere ein del av arbeidet med ny budsjettmodell for dei vidaregåande skule i Vestland fylkeskommune.